



- eit fyrtårn i vest



REVIDERT PLANSTRATEGI FOR
ØYGARDEN KOMMUNE
2020-2023

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

INNHALD

Innleiing.....	1
Overordna føringar for planarbeidet	2
Utfordringar og utviklingstrekk i Øygarden kommune	3
Samfunnsdelen er vårt styringsverktøy for å løysa utfordringar og gripa moglegheiter	9
Plansystemet i Øygarden kommune	13
Oversikt over planbehov i perioden 2020-2023.....	16

INNLEIING

Vel 39 000 menneske er busette på dei mange små og store øyene som utgjer Øygarden kommune. Øyene ligg som ei perlerad langs kysten, langstrakt utover eit areal på om lag 315 km².

Øygarden byr på eit hav av moglegheiter innanfor både næring, kultur, friluftsliv og rekreasjon. Her ligg det meste til rette for å leva eit godt liv. Nærleiken til Bergen og den store arbeidsmarknaden som er der, gjer Øygarden til ein attraktiv kommune å busetta seg i. Ikkje minst kan Øygarden sjølv by på store næringar som er viktige også i nasjonal samanheng.

Likevel vert vi påverka av trendar som kan utfordra både samfunns- og tenesteutviklinga i framtida. Lågare folkevekst, aldrande befolkning, klima- og miljøutfordringar, og skilnader i levekår blant innbyggjarane våre, er nokre av faktorane vi må ta omsyn til når vi legg planar for samfunns- og tenesteutviklinga framover.

Øygarden har klare ambisjonar om ei berekraftig samfunnsutvikling, og det er stor semje om at berekraftmåla til FN skal ligga til grunn for planlegginga. Berekraftmål 17 «samarbeid for å nå måla», er ein grunnleggande premiss for at kommunen skal kunna løysa lokale utfordringar og nytta dei fortrinna og moglegheitene vi har. Gjennom tett samarbeid og samhandling mellom kommune, næringsliv og innbyggjarar, kan vi oppnå kraftfulle og målretta resultat. For å samlast om felles mål og prioriteringar, og bli samde om korleis vi skal samarbeida for å nå desse, er planane til kommunen det viktigaste verktøyet vi har. Dersom kommunen skal vera ein føreseieleg samfunnsutviklar, må vi også styra i samsvar med dei planane vi vedtek.

VURDERING AV PLANBEHOVET

Planstrategien er ikkje ein eigen plan, men eit viktig styringsdokument der kommunen prioriterer planoppgåvene som skal gjennomførast i valperioden. Prioriteringane som vert gjort i planstrategien viser kva planoppgåver kommunen skal bruka både politiske og administrative ressursar på.

I tillegg til å vurdere planbehovet, inneheld planstrategien ei skildring av plansystemet til Øygarden kommune, med tilhøyrande fireårsplan.

I planstrategien for Øygarden kommune 2020-2023 vedtok kommunen at samfunnsdelen til kommuneplanen og ei rullering av arealdelen skulle vera prioriterte planoppgåver i valperioden. På bakgrunn av at samfunnsdelen no er vedteken og administrasjonen er i gang med å førebu arbeidet med strategisk planprogram for arealdelen, vert det lagt opp til ein forenkla revisjon av

planstrategien for 2020-2023. Revisjonen set fokus på prioriterte planbehov som skal bidra til og sikra at vi når dei del- og hovudmåla vi har sett oss for samfunnsutvikla i Øygarden fram mot 2034.

OVERORDNA FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

NASJONALE FORVENTINGAR - BEREKRAFTMÅLA TIL FN

Kvart fjerde år legg regjeringa fram nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging for å fremja ei berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventingane skal følgast opp i kommunale og regionale planstrategiar og planar.

Gjennom «[Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#)» legg regjeringa til grunn at berekraftmåla til FN skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i kommunane. Det er viktig å merka seg at det er rom for lokal politikk innanfor berekraftmåla, og at vi må tolka og forstå berekraftmåla ut frå våre lokale føresetnader. Det vert peika på fire store berekraftutfordringar som Noreg står overfor, og som lokale og regionale myndigheiter må ta omsyn til i planlegginga:

- Å skapa eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skapa eit økologisk berekraftig samfunn
- Å skapa eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skapa eit trygt samfunn for alle

I dei nasjonale forventingane legg regjeringa også vekt på å styrka rolla kommunen har som samfunnsutviklar. Dette inneber at vi må utarbeida planar med tydelege mål og strategiar for kva retning vi ønskjer for samfunnsutviklinga i Øygarden. Planane våre må vera basert på kunnskap om lokale behov og dei må sjå samanhengar på tvers av tenestene våre. Vi må vurdere om vi kan løysa tenesteoppgåver som oppfølging av overordna mål og strategiar, utan eigne planprosessar. Planprosessar er ressurskrevjande og må vera grunna i absolutt behov. Regjeringa trekker fram arealstrategiar som viktige verktøy for å oppnå berekraftig samfunnsutvikling. Overordna arealstrategiar i samfunnsdelen til kommuneplanen skal hjelpe oss til å sjå utfordringane og behova i samfunnet i samheng med arealbruken.

Dei nasjonale forventingane understrekar også kor viktig der er å kopla saman kommuneplanen og handlings- og økonomiplanen. Ei slik samankopling sikrar at vi jobbar strategisk for å gjennomføra måla vi set.



Figur 1: Samanhengen mellom FN sine berekraftmål. Kjelde: Stockholm Resilience

REGIONALE FØRINGAR OG PLANAR

I [Utviklingsplan for Vestland](#) viser Vestland fylkeskommune fire mål for samfunnsutviklinga i fylket vårt:

1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
4. Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

I utviklingsplanen vert fleire regionale planar frå tidlegare Hordaland fylkeskommune vidareført. Sidan 2020 har fylkeskommunen utarbeidd og vedteke Regional plan for innovasjon og næringsutvikling og Regional transportplan. Fylkeskommunen har også starta opp planarbeid innanfor fleire temaområde som må leggest til grunn for vidare planlegging i Øygarden kommune.

LOKALE FØRINGAR – SAMFUNSDELEN TIL KOMMUNEPLANEN

I vedteken planstrategi 2020-2023 var målsettingane i intensjonsavtalen styrande for Øygarden si utvikling. Kommunen har no vedteke samfunnsdelen til kommuneplanen, og har dermed eit nytt og oppdatert styringsdokument.

Samfunnsdelen til kommuneplanen viser korleis vi skal utvikla Øygarden, både som samfunn og som kommuneorganisasjon. Den inneheld langsiktige mål som fortel oss kva retning vi ønsker å utvikla oss i, og strategiar som viser kva vi må gjera for å nå måla våre. Samfunnsdelen inneheld også langsiktige arealstrategiar om korleis vi må utvikla areala våre for å nå måla i samfunnsdelen.

UTFORDRINGAR OG UTVIKLINGSTREKK I ØYGARDEN KOMMUNE

[Kunnskapsgrunnlaget](#) til planstrategien viser viktige utviklingstrendar og utfordringar i tida framover. Desse må vi kjenna til for å kunna vurdere planbehovet til kommunen. Som ei oppfølging av dei nasjonale forventningane, er utfordringane i kunnskapsgrunnlaget kopla til aktuelle berekraftmål. Dette gir oss moglegheita til å forstå og tolka berekraftmåla ut i frå korleis vi har det i kommunen vår. Samstundes bidrar det til å sikra at berekraftmåla til FN vert fundamentet i all samfunns- og arealplanlegging i Øygarden.


Figuren til høgre illustrerer berekraftutfordringane som politikarane har trekt fram som særleg viktige i Øygarden, og som har fått høg prioritet i planperioden og i utarbeiding av samfunnsdelen til kommuneplan for Øygarden 2022-2034. Berekraftmål 17, som handlar om samarbeid for å nå måla, er eit viktig grep for utforming av strategiar; altså korleis vi skal samarbeida, samskapa og samhandla for å løysa utfordringar og nå hovudmåla våre.



Figur 2: Prioriterte berekraftmål i Øygarden kommune


SOSIAL BEREKRAFT I ØYGARDEN

GOD UTDANNING TIL ALLE

 Kunnskapsgrunnlaget viser at Øygarden kjem dårlegare ut på nokre viktige folkehelse- og levekårsindikatorar enn elles i fylket og landet. Dette gjeld mellom anna lågare utdanningsnivå og høgare fråfall i vidaregåande skule enn for landssnittet. Slike grunnleggjande samfunnsutfordringar påverkar den sosiale berekrafta i kommunen, både i dag og i framtida. Ved å sikra innbygarane våre god utdanning kan vi langt på veg møte utfordringar som fattigdom, sosial ulikskap og dårleg helse.

Det er viktig å involvera unge i utviklinga av kommunen for å sikra gode oppvekst- og utdanningsvilkår. Gjennom ny vidaregåande skule på Straume, tett på regionsenteret, har vi potensiale til å utvikla eit attraktivt utdanningstilbod i kommunen. Dette vil igjen verka positivt på bustadattraktiviteten. Gjennom prosjektet *Framtidas kunnskapsklynge* har kommunen jobba med å sjå samanhengen i utdanningsløpet, frå grunnskule til høgare utdanning og etter-/vidareutdanning. Samhandling mellom alle delar av utdanningssektoren, kommunen, næringslivet og andre interessentar er sentralt for å sikra eit utdanningsløp som svarar på kompetansebehovet til arbeidsgjevarar i regionen.

UTRYDDA FATTIGDOM

 Ein aukande førekomst av barn i Øygarden veks opp i låginntektsfamiliar, og fleire innbygarar enn snittet i landet er arbeidsledige og mottek stønad til livsopphald. Folkehelseoversikta viser også ein stor førekomst av psykiske lidningar blant unge, og at talet på narkotikarelaterte dødsfall er urovekkande høgt. Forsking tilseier at låginntekt, psykisk helse, livsstilsjukdomar og utanforskap har klar samheng med utdanningsnivået. Tidleg og kontinuerleg innsats for å sikra god utdanning til alle vil verka førebyggjande på førekomsten av sosial ulikskap, låginntekt og uhelse blant innbygarane.

Kommunen har utjamnande og kompensierende tiltak som sikrar barn og unge deltaking, og jobbar målretta særleg inn mot barnefattigdom. Det er likevel ei utfordring å styrka, koordinera og informera om tiltaka. Eit målretta arbeid for å utrydda fattigdom i Øygarden kommune krev god

samhandling både internt i organisasjonen, men også med aktører som frivillige organisasjonar og næringslivet.

GOD HELSE



Den venta auken i den eldste delen av befolkninga utfordrar berekrafta i velferdssektoren. Uavhengig av framskrivingsalternativ kan vi allereie i 2030 venta ei dobling i talet på 80-åringar og eldre. Fram mot 2040 kan vi venta oss at talet er tredobla. Saman med mangel på helsefagleg kompetanse krev dette at vi utviklar samfunnet til å vera meir aldersvenleg. Vi må ha gode bustadar som gjer at eldre kan bu heime lengst mogleg. Dei eldre må ha tilgang på meningsfulle aktivitetar, som vert tilgjengeleggjort gjennom gode transportordningar. Fleire sektorar må involverast i aldersvenleg planlegging, saman med frivilligheita, næringslivet og sivilsamfunnet. Ikkje minst vil god medverknad frå dei eldre vera viktig for å skapa aldersvenlege lokalsamfunn.

Eit meir aldersvenleg samfunn vil kunna redusera og utsetta behovet for institusjonsplassar for dei eldre i Øygarden. Likevel må vi rusta helse- og omsorgstenesta. Gode, fleksible og samanhengande tenester er viktige innsatsområde for framtida. For å sikra tilstrekkeleg tilgang på helsefagleg kompetanse, er det viktig at Øygarden er attraktiv både som arbeidsgjevar og som bustadkommune.

I Øygarden har vi ein auke i psykiske vanskar og einsemd blant innbyggjarane, særleg blant dei unge. Fleire barn veks opp i familiar med dårleg økonomi, og fleire innbyggjarar står utanfor arbeidslivet. Ei sosial og økonomisk berekraftig utvikling krev at vi klarar å redusera utanforskap. Dette kan blant anna handla om å leggja til rette for gode lokalsamfunn med moglegheit for aktivitet, deltaking, sosial støtte og medverknad. Varierte bustadtilbod i attraktive bu- og lokalmiljø, som samstundes er tilgjengelege for alle både av omsyn til pris og universell utforming, er viktige verkemiddel.

BEREKRAFTIGE BYAR OG SAMFUNN



Attraktivitet, trivsel og god helse vert først og fremst skapt i lokale bumiljø der innbyggjarane lever ut kvardagsliva sine. Berekraftige byar og samfunn er kjenneteikna av nærmiljø som fremmar tryggleik og folkehelse, legg til rette for rekreasjon, fysisk aktivitet, kultur, identitet, og eit godt teneste- og servicetilbod som er tilgjengeleg for alle. Bustad- og arealpolitiske verkemiddel som legg til rette for gode nærmiljø er avgjerande for å byggja berekraftige samfunn.

I Øygarden har bustadstrukturen lenge i hovudsak vore prega av einestader. Dei siste åra har vi sett ein gradvis endring med større variasjon i bustadtypene, men det er framleis einestader som dominerer. Vi er også prega av eit spreitt utbyggingsmønster, som saman med varierende kollektivtilbod fører til auka bilbruk i kommunen. Spreitt bustadstruktur utfordrar både den sosiale og økologiske berekrafta, og kan føra med seg auka kostnadar i form av investering og vedlikehald av veg, vatn og avløp.

Øygarden kommune er del av ein større arbeids- og bustadmarknad i Bergensområdet. Lokale mobilitets- og transportbehov for arbeids- og fritidsreiser må difor sjåast i eit regionalt perspektiv. Byveksttalen og miljøløftet gir oss moglegheiter til å løysa nokre av utfordringane som transportbehovet skapar for både sosial og miljømessig berekraft.

Kartet til høgre viser resultatet av arealpolitikken dei siste ti åra. Intensjonen i kommuneplanane har vore å styra utviklinga mot fleire bustadeiningar og høgast folketalsvekst i grunnkretsane nær eller i sentrumsområda, og langs dei definerte kollektivaksane. Nokre stader har vi likevel hatt større utbygging utan at vi kan tilby god kollektivdekning og gode teneste- og servicetilbod.

Gjennom samfunnsdelen til kommuneplanen har vi no vedteke ein senterstruktur med fire nivå. Vi har kommune- og regionsenter, kommunedelsenter, lokalsenter og bygdene. For å kunna utvikla sterke senter og bygder, skal vi møte samfunnsbehov og -utfordringar med ein målretta arealpolitikk, som støttar opp om både økologisk, sosial og økonomisk berekraft.

ØKONOMISK BEREKRAFT I ØYGARDEN

ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST




Syssetting er ein viktig faktor for berekraft, både for enkeltindividet og velferdssamfunnet. Målet om full og produktiv syssetting er relevant både lokalt, nasjonalt og globalt.

Øygarden har over tid hatt høgare arbeidsløyse enn landet og fylket. Koronapandemien forsterka denne effekten, og i mars 2020 var arbeidsløysa nær 11 prosent. Arbeidsløysa har gått kraftig ned, men fortsett står 2,2 prosent av arbeidsstyrken heilt utanfor yrkeslivet. Konjunkturedgangar skapar oftast størst lediggang blant unge og dei med lågast utdanning. Demografiske endringar med fleire eldre, samtidig som fleire unge står utan arbeid, er ei alvorleg utfordring.

I nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging 2019-2023, legg regjeringa vekt på vekst i syssetting og at kommunane skal leggja til rette for eit grønt og berekraftig næringsliv. CO₂-fangst og lagringsprosjektet i Energiparken vil vera ei slik «grønare» satsing. Nye arbeidsplassar som følgje av Ågotnes hamn vil også bidra til større variasjon i verdiskapinga, og dermed auka den økonomiske berekrafta til kommunen. I tillegg har Øygarden stort potensiale for vekst innanfor både sjømat- og reiselivsnæringane.

Øygarden har som mål å vera ein aktiv og framtidsretta samfunnsutviklarar. Samfunnsutviklingsrolla skil seg frå tilretteleggingsrolla ved å vera meir aktiv, meir strategisk og mobiliserande. Tilretteleggingsrolla, som å tilby nok og tilpassa næringsareal, fungerer godt så lenge næringslivet er i vekst. Når den internasjonale, nasjonale og regionale veksten stoppar opp, har vi behov for meir langsiktige mål og strategiar for næringsutviklinga. Måla og strategiane som no ligg i samfunnsdelen til kommuneplan for Øygarden, er tydeleg på korleis vi skal nytta og vidareutvikla våre komparative fortinn innan det «blågrøne skiftet», og korleis vi som kommune skal ta ei aktiv og strategisk rolle i næringsutviklinga.



Figur 3: Vekst siste ti år fordelt på grunnkretsar

INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR



Ny infrastruktur, som Sotrasambandet, ny fylkesveg mellom Kolltveit og Ågotnes og betre energiforsyning er avgjerande for dei store satsingane innan næringslivet. Både Sotrasambandet og arbeidet med å betra energiforsyninga har starta opp, og vil i åra som kjem krevja store ressursar til koordinert gjennomføring av planoppgåver.

Innovasjon og infrastruktur handlar også om gode digitale og smarte løysingar som kan kompensera for fysiske avstandar i kommunen. Auka digitalisering kan til dømes vera eit bidrag til å løysa nokre av dei berekraftsutfordringane kommunen har innan manglar i kollektivtilbodet. Innan helsesektoren kan velferdsteknologi bidra med å løysa nokre av utfordringane som følger av auka del eldre. Potensialet for digitalisering er stort både i samfunnet og i organisasjonen.

I eit berekraftperspektiv er det viktig å finna nye og innovative løysingar for mobilitet, samtidig som vi når miljø- og klimamåla våre. Vi har eit stort potensiale for å kunna etablera raskare og betre trasear for gåande og syklande mellom bustadområde, sentrum og kollektivhaldeplassar. Trasear må sjåast i ein samheng og prioriterast ut i frå kvar vi når flest mogleg. Ved å planlegga og prioritera tiltaka kan vi også bruka midlar vi får gjennom Miljøløftet.

ØKOLOGISK BEREKRAFT I ØYGARDEN

LIV UNDER VATNET



Øygarden opplever press på verdifull natur og landareal. Klimamål vert utfordra av spreitt bustadbygging, bruk av bil som transportmiddel og relativt utsleppstunge næringer. Sistnemnte skjer sjølv om vi har ei grøn omstilling i olje- og gassnæringane.

Verdifullt sjø- og havområde er også utsett for maritim forsøpling. Sjømat og reiseliv er eit viktig ressursgrunnlag for Øygarden. Miljøkartlegging (trafikkregulering) av akvakulturanlegga viser at det ikkje er rom for meir vekst (gul sone). Frå Toftøy og nordover må produksjonen reduserast for å bli berekraftig (raud sone).

Arealdelen til kommuneplanen regulerer formål og bruk av sjøområda, og sikrar areal til både næring og rekreasjon. Kjennskap til ressursane på havbotn og i sjø har tradisjonelt fått mindre merksemd enn landareala. Tidlegare la lovverket opp til eigne kystsoneplanar, men i samsvar med plan og bygningslova er desse temaområda no ein integrert del av arealdelen. I arbeidet med arealdelen må vi tenka langsiktig og sjå på samanhengen mellom natur, klima, trygge og helsefremmande lokalsamfunn og næringsinteressene. Vi har også behov for meir kunnskap om sårbare artar og ressursgrunnlaget til havs.

Press rundt tett utbygging kan også utgjera ein trussel for eigna areal til friluftsliv, og reduserer tilkomsten innbyggjarane har til sjø- og landområde.

Kommunen har ansvar for å følgja opp forureining. Ansvarsfordelinga internt i organisasjonen er fragmentert. Det same gjeld ansvarsfordelinga mellom kommunen og andre regionale og statlege myndigheiter. Vi har ikkje god nok oversikt, noko som gjer prioriteringsarbeidet vanskeleg.

SAMARBEID SOM FØRESETNAD FOR EI BEREKRAFTIG UTVIKLING

SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA



Samfunnsutfordringane våre har samansette årsakssamanhengar, og må difor løysast gjennom samarbeid på tvers av ulike sektorar, teneste- og ansvarsområde. Samarbeid er derfor politisk definert som ein føresetnad for å kunna løysa dei prioriterte berekraftutfordringane i kommunen.

I samfunnsdelen til kommuneplanen 2022-2034 er det vedteke mål og strategiar for kommunen som organisasjon, og den rolla kommuneorganisasjonen skal ta som handlekraftig og innovativ samfunnsutviklar.

Rolla som samfunnsutviklar vert ofte omtalt som «kommune 3.0». Kommune 3.0 kan best illustrerast ved å sjå kommunen som lokalsamfunn. Dvs. eit samfunn der vi i fellesskap med innbyggjarane våre samarbeider om å utvikla òg nå dei langsiktige målsettingane våre. Figuren under illustrerer korleis kommunen si samfunnsrolle, måten kommunane møter innbyggjarane på, politikarrolla og administrasjonen si rolle har endra seg over tid.

	Kommune 1.0	Kommune 2.0	Kommune 3.0
Kommunen er	myndigheitsutøvar	organisasjon/ tenesteleverandør	lokalsamfunn/sam- funnsutviklar
Kommunen møter innbyggjarane som	undersåttar	kundar	ressurssterke og aktive samfunns- borgarar
Politikarrolla handlar om	handsame saker på formelle møter med formell dagsorden	setta mål og øko- nomiske rammes i dialog med fagfolk og kundar	prega dagsorden og stimulera til aktivitet i lokalsamfunna
Kommunen sine tilsette er fagleg dyktige og	opptatt av det korrekte og rettferdige	serviceinnstilt	opptatt av å finna ressursane hjå alle, invitera, mobilisera og fasilitera, etablere fel- lesskap og samskapa

Kjelde: Agderforskning AS og Skanderborg kommune.

Trendane og forventingane tilseier ei stadig forskyving mot å opptre som kommune 3.0,- altså ei forventning om at kommunen skal vera ein aktiv/proaktiv samfunnsutviklar. Dette set krav til kommuneorganisasjonen som handlekraftig, samhandlande og løysingsorientert. Bevisst haldning til samskaping gjennom deltakande demokrati vil også kunna mobilisera og engasjera fleire aktørar til aktiv deltaking i samfunnsutviklinga.

Øygarden har etablert fleire kommunale føretak og aksjeselskap som driftar ulike deler av tenestene i kommunen, som til dømes Øygarden næringsutvikling KF, Øygarden bustadutvikling KF og ØyVAR AS. Det er viktig at kommunen har ein open og uttrykt strategi for dei selskapa kommunen har eigarinteresser i, med tydeleg definert ansvarsområde og mandat. God samhandling mellom føretaka og administrasjonen er avgjerande for å kunna løysa oppgåver, òg for at innbyggjarane i Øygarden skal oppleve ein kommune som leverer heilskaplege tenester og styrer i same retning.

SAMFUNNSDELEN ER VÅRT STYRINGSVERKTØY FOR Å LØYSA UTFORDRINGAR OG GRIPA MOGLEGHEITER

Dei prioriterte berekraftmåla med tilhøyrande utfordringar og moglegheiter har danna grunnlaget for fem hovudmål i samfunnsdelen til kommuneplanen 2022-2034. Hovudmåla skildrar viktige satsingar for den langsiktige utviklinga av Øygarden:

1. Øygarden er ein god stad å bu.
2. Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.
3. Øygarden er eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn.
4. Øygarden er eit klima- og miljøvenleg samfunn.
5. Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ.

Alle hovudmåla har tilhøyrande delmål og strategiar. Delmåla fortel korleis vi ønsker å ha det i framtida innanfor hovudmålet, medan strategiane handlar om kva vi må gjera for å nå måla våre.

I samfunnsdelen har vi også vedteke arealstrategiar, med ei retning for korleis arealbruken vår skal hjelpa oss å nå hovudmåla og delmåla i samfunnsdelen. Senterstrukturen er eit utbyggingsmønster med fire nivå, og er hovudgrepet i arealstrategiane.


OPPFØLGING AV SAMFUNNSDELEN TIL KOMMUNEPLANEN

I planstrategien skal kommunen ta stilling til om samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen skal reviderast heilt eller delvis, eller om gjeldande plan skal vidareførast.

Den vedtekne planstrategien slo fast at det var behov for å prioritera arbeidet med kommuneplanen. Samfunnsdelen, arealdelen og økonomiplan med handlingsdel vart difor prioritert som dei viktigaste planoppgåvene for kommunestyreperioden.

Samfunnsdelen til kommuneplanen er nyleg vedteken, og skal fungera som det øvste styringsdokumentet vårt fram mot 2034. Samfunnsdelen er også styrande for økonomiplanen, som utgjer handlingsdelen til kommuneplanen, og alle øvrige planar.

Figuren under illustrerer korleis samfunnsdelen til kommuneplanen skal følgast opp. Prioritering av planoppgåver i inneverande valperiode, og eventuelle behov for strategisk utdjuping eller konkretisering av tema, må vera grunna i behov for å følgja opp eller nå dei overordna måla for samfunnsutviklinga i Øygarden.

POLITISKE PLANAR

ADMINISTRATIVE PLANAR


Samanheng i plansystemet - politiske og administrative planar.

SRATEGISK PLANPROGRAM FOR AREALDELEN TIL KOMMUNEPLANEN

Arealdelen til kommuneplanen ligg allereie som ei prioritert planoppgåve i gjeldande planstrategi, fordi den er ein viktig premisssgivar for samfunnsutviklinga.

For å kunne styre etter målsettingane i samfunnsdelen er det fleire satsingsområde og sentrale drivarar som krev arealavklaringar og prioritet. Korleis vi følgjer opp senterstrukturen og arealstrategiane i samfunnsdelen står også i samanheng med andre satsingsområde innanfor samfunnsutviklinga. I inneverande kommunestyreperioden skal vi derfor prioritera å få på plass eit strategisk planprogram for arealdelen til kommuneplanen. Administrasjonen er i gang med å førebu dette arbeidet.

Innpela til samfunnsdelen viste eit stort engasjement og forventingar frå innbyggjarar, utbyggjarar og næringsliv om at arealstrategiane og senterstrukturen skal legga til rette for utbygging. Utvikling av areal i strandsona og behovet for marine næringsareal i og ved sjø, var også tema som engasjerte breitt, blant både innbyggjarar og næringslivsaktørar. Eit strategisk planprogram og vidare arbeid med arealdelen til kommuneplanen i neste planstrategiperiode, vil også bidra til større føreseielegheit og likebehandling av innbyggjarar og utviklingsaktørar på tvers av dei gamle kommunegrensene.

PÅGÅANDE PLANARBEID I ØYGARDEN KOMMUNE OG VURDERING AV ANDRE PLANBEHOV

I planstrategien kan vi også ta stilling til om det er andre planar som skal prioriterast i valperioden. Eventuelt planbehov må likevel sjåast i samheng med utfordringar, utviklingstrekk og identifiserte drivarar for å nå målsettingane i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Revideringa av planstrategien har tatt utgangpunkt i problemstillingar og satsingar som har peika seg ut gjennom arbeidet med samfunnsdelen, og kva for tema som er viktigast å ta tak i inneverande styringsperiode, dei neste to åra.

PRIORITERTE SATSINGAR

Når det gjeld planar innanfor samfunnstema er det nokre satsingar som gjennom prosessen med samfunnsdelen har peika seg ut som viktige å ta tak i på kort sikt. Nokre tema vert arbeidd med gjennom eigarskapsmelding eller etablerte prosjekt og arbeidsgrupper i organisasjonen. For nokre satsingar peikar det seg likevel ut eit planbehov.

Klima og miljø

Arbeidet med samfunnsdelen har avdekka manglande koordinering og strategisk arbeid med klima- og miljø i kommunen. Kommunen har fleire store og viktige forpliktingar som må følgast opp, i t.d. Klimapartneravtala og Byvekstavtala (Miljøløftet). På kort sikt vil det vera tilstrekkeleg å definere ansvar og aktivt følginga opp desse forpliktingane.

Bustadsosialt arbeid

Ein bustadsosial plan for å arbeida strategisk og langsiktig med både organiseringa, det langsiktige bustadbehovet og dei investeringane dette fører med seg vil vera viktig. Ei eigarskapsmelding vil kunne avklare noko av organiseringa rundt det bustadsosiale arbeidet, men det står framleis att interne avklaringar som må løysast gjennom bustadsosial plan.

Offentleg tenesteyting

ØyVAR har sett i gang utarbeiding av ein kommunedelplan for vatn, avløp og overvatn. Planen skal setja langsiktige mål og føringar for VA og overvatn i heile kommunen.

Det er behov for å sikra kapasitet i barnehage, skule, omsorgstenester, helsetenester og anna, slik at vi kan utvikla kommunen i tråd med vedteken samfunnsdel. Kommune har nyleg vedteke plan for framtidens helse- og velferdstenester og Leva heile livet i Øygarden, som tek for seg ein del av utfordringane innan helse og velferd. Befolkningsutviklinga og prognosar for framtida tilseier at vi står ovanfor endringar i demografien. Forventa endringar krev at vi arbeidar med ein plan for skule- og barnehagestrukturen i kommunen.

Det er starta opp eit arbeid med å utarbeida plan for framtidens skule som vert arbeidd vidare med i kommunestyreperioden.

Førebygging barn og unge

Folkehelse, førebygging og tidleg innsats er viktige grep i samfunnsdelen, og inngår i fleire mål og strategiar. I samsvar med samfunnsdelen treng vi å arbeida med korleis vi kan førebygga utfordringane, slik at vi skapar god livskvalitet for innbyggjarane og sparar kommunen sine ressursar på sikt. I samband med Barnevernsreforma ligg det eit statleg plankrav til kommunane. Førebuande planarbeid har starta opp, og må vera ei prioritert planoppgåve i kommunestyreperioden.

Trafikk og mobilitet

Kommunen har tre eldre trafikksikringsplanar frå dei tidlegare kommunane som er gjeldande fram til ny plan er vedteken. For å få ei samla oversikt over investerings- og vedlikehaldsbehovet på vegnettet, er det behov for å samordna desse planane i ein ny trafikksikringsplan for Øygarden.

Arbeidet med samfunnsdelen og andre pågåande prosjekt, viser eit stort behov for å arbeida meir strategisk og langsiktig med mobilitetsutfordringar i kommunen. Gjennom Miljøløftet arbeider kommunen med både kortsiktige utfordringar og meir langsiktige satsingar for å oppnå målet om berekraftig og smarte mobilitetsløyser. Gjennom dette arbeidet vert det lagt eit godt grunnlag for å gjera gode prioriteringar og satsingar innanfor mobilitet.

Næring

Samfunnsdelen til kommuneplanen har vedteke hovudmål med fleire delmål og strategiar som tek for seg næring og næringsutvikling i kommunen. Samfunnsdelen har også vedtek arealstrategiar for å styrka oss som attraktiv næringskommune. Arbeidet med ei eigarskapsmelding vil kunne avklare korleis vi brukar og samhandlar med føretaka for å nå målsettingane våre.

VIKTIGE UTVIKLINGSOMRÅDE FOR Å NÅ MÅLA I SAMFUNNSDELEN

I samfunnsdelen er det vedteken ein senterstruktur med fire nivå. Prinsippet om at heile kommunen skal takast i bruk ligg som grunnlag for senterstrukturen. Alle delar av kommunen er viktige, men spelar ulike roller, og må utviklast på ulike måtar. Samfunnsdelen har eit tolvårig perspektiv, og alt kan ikkje løysa i gjenstående valperiode. Det er difor viktig at vi er tydelege på kva for planar vi må prioritera her og no, også innanfor arealplanane.

I drøftingsgrunnlaget til samfunnsdelen er det identifisert viktige drivarar for samfunnsutviklinga; Sotrasambandet, ny vidaregåande skule på Stovevatnet, flytting av Bergen hamn til Ågotnes, og utviklinga av Energiparken (CCS-anlegg). For å bygga opp under desse drivarane er det nokre oppgåver som peikar seg ut som særleg viktige å prioritera:

- Planar som er nødvendige for å sikra effektiv realiseringa av Sotrasambandet.
- Straume/Stovevatnet: i samsvar med samfunnsdelen til kommuneplanen må vi prioritera potensialet som ligg nytt offentleg sentrumsområde på Stovevatnet, bl.a. til ny Sotra vidaregåande skule, kollektivterminal mm.

- Kommunedelsentera/følgje opp vedteken senterstruktur: I kommunedelsentera Skogsskiftet og Ågotnes er det eit behov for å arbeida strategisk for å få til ei god utvikling.
- Flytting av Bergen hamn til Ågotnes er også ei av dei viktige drivarane for samfunnsutviklinga. Kommunen må vera ein tilgjengeleg og god samarbeidsaktør for å leggja til rette for utviklinga.
- Energiparken. Etablering av CCS-anlegget og dei synergieffektane det kan medføra er ein viktig drivar for samfunnsutviklinga. Det er store aktørar som er initiativtakarar, og det er eit stort potensiale for næringsutvikling og aktivitet i området.

PLANSYSTEMET I ØYGARDEN KOMMUNE


I gjeldande planstrategi har kommunestyret gjort vedtar om kva for plansystem som skal gjelda for Øygarden kommune. Plansystemet er også styringsverktøyet som skal sikra oppfølging, iverksetting og gjennomføring av politiske mål, prioriteringar og vedtak. For at plansystemet skal vera føreseieleg og funksjonelt å styra etter, er det viktig at alle planane vi utarbeider tek utgangspunkt i dette plansystemet.

PLANSYSTEMET SOM VERKTØYKASSE FOR SAMFUNNSUTVIKLING

Gode planprosessar og eit funksjonelt plansystem i Øygarden kommune krev:

- Klart definerte mål i kommuneplanen som gir ei tydeleg retning, og legg til rette for tverrfagleg samhandling.
- Eit oversikteleg plansystemet som synleggjer dei ulike nivåa av planane våre.
- Samanheng mellom visjon, mål og strategiar i kommuneplanen (samfunns- og arealdelen) og prioriteringar i økonomiplanen.
- Arealplanlegging som følgjer opp ønskt samfunnsutvikling og arealstrategiar i samfunnsdelen.
- Klart definerte nivå på planane vi utarbeidar, som følgjer hierarkiet i plansystemet.
- Effektive planprosessar, men god involvering.
- Lettleselege og oversiktlege plandokument med tydelege mål og prioriteringar.
- Temaplanar framfor tematiske kommunedelplanar innan samfunnsutvikling.

Det kommunale plansystemet er avgrensa til planar som krev politisk behandling. Administrative planar og rutinar som vert utarbeidd for intern bruk i organisasjonen er ikkje å rekna som del av det formelle plansystemet. Alle planane våre skal vera forankra i kommuneplanen.



Figur 4: Plansystemet i Øygarden kommune

Plansystemet vårt har ein hierarkisk struktur med tre nivå av planar, som vist i figuren over:

1. Strategisk nivå som viser retning for samfunnsutviklinga: Kommuneplanen med samfunns- og arealdel
2. Strategisk utdjuping av overordna visjon, mål og satsingsområde: Kommunedelplanar, temaplanar, strategiar, handlingsplanar og reguleringsplanar for areal
3. Prioritering av tiltak som bidreg til at vi oppnår overordna visjon og mål: handlingsdelen til kommuneplanen og økonomiplan

Tabellen nedanfor gir ei kort forklaring av dei ulike plantypene:

Samfunnsdelen til kommuneplanen med arealstrategi	<p>Samfunnsdelen til kommuneplanen er den viktigaste overordna strategiske planen til kommunen. Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar - både for Øygarden som kommune, og som organisasjon.</p> <p>Arealstrategiar er langsiktige og overordna prinsipp for korleis kommunen skal forvalta areala. Arealstrategiane i samfunnsdelen skal ha ei tydeleg kopling mot arealdelen til kommuneplanen.</p>
Arealdelen til kommuneplanen	<p>Arealdelen til kommuneplanen omfattar areala i heile kommunen, og er juridisk bindande for korleis vi brukar og vernar om areala våre. Arealdelen skal sikra at arealbruken støttar opp om og bidreg til å nå mål og strategiar som er fastsette i samfunnsdelen. Arealdelen er også styrande for meir detaljerte arealplanar og utbyggingstiltak.</p>


Handlingsdelen til kommuneplanen med økonomiplan	<p>I tillegg til samfunns- og arealdelen, består kommuneplanen av ein handlingsdel med tilhøyrande økonomiplan. Mål og strategiar frå kommuneplanen skal følgjast opp ved at handlingsdelen peikar ut kva tenestemråde kommunen prioriterer å utvikla, og kva tiltak som skal gjennomførast. Handlingsdelen styrer dermed utviklingsretninga og drifta, og gir konkrete prioriteringar gjennom budsjett og investeringar. Handlingsdelen skal rullerast årleg.</p>
Kommunedelplanar	<p>Ein kommunedelplan har som funksjon å utdjupa overordna mål og strategiar i kommuneplanen. Kommunedelplanar er eit verktøy for å visa vegval, strategiar og nødvendige prioriteringar på lang sikt, med tydelege koplingar til den overordna kommuneplanen. Kommunedelplanar kan avgrensast geografisk eller til eit tematisk område.</p>
Reguleringsplan	<p>Arealdelen til kommuneplanen eller ein kommunedelplan for areal kan stilla krav til meir detaljerte avklaringar av arealbruken innanfor eit område, gjennom eit krav til reguleringsplan. Ein reguleringsplan kan utarbeidast som områdeplan eller ein detaljplan:</p> <p>Ein områdeplan har eit meir overordna perspektiv, og ser gjerne eit større område eller eit utbyggingsmønster i samanheng. Det er mogleg å bygga direkte frå ein områdeplan, men det kan også settast krav om at det skal jobbast meir med detaljar i ein detaljplan.</p> <p>Ein detaljplan har tydelege føringar som det kan byggjast ut i frå direkte.</p>
Strategi, temaplan og handlingsplan	<p>Strategiar, temaplanar og handlingsplanar er samfunnsplanlegging på tema- og sektornivå. Føremålet er å utdjupa overordna strategiar og målsetjingar, avklara eventuelle vegval og foreta nødvendige prioriteringar på lang sikt.</p> <p>Ein strategi har som hovudmål å peika ut ei retning innanfor eit gitt temaområda, og er meir overordna enn temaplan og handlingsplan. Strategien vil innehalda både ei skildring av utfordringar og målsettingar, men ikkje tiltak.</p> <p>Temaplan er den mest omfattande plantypen, og vil i likheit med strategiar skissera utfordringsbilete, målsettingar og satsingsområde. Til forskjell frå strategien, vil ein temaplan også innehalda tiltak som viser korleis vi skal nå måla våre.</p> <p>Ein handlingsplan inneheld tiltak som følgjer opp mål og strategiar i ein plan eller ein strategi. Handlingsplanar kan følgja opp planar og strategiar innanfor alle dei tre nivåa, både kommuneplan, kommunedelplan, strategi og temaplan.</p>

PLANSYSTEMET VÅRT SKAL SPEGLA DEN STYRANDE POLITIKKEN

Øygarden kommune skal ha planar som står i samanheng med kvarandre og som peikar ut retninga vi skal styra etter, på tvers av fag og sektorar. Den nye kommunelova tydeleggjer behovet for å tenka langsiktig og i heilskap, og slår fast at økonomiplanen skal visa korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i planar vert følgd opp.

Dersom samfunnsdelen til kommuneplanen skal styra prioriteringar i økonomiplanen andre året i valperioden, er det avgjerande at samfunnsdelen vert vedteken i løpet av det første valåret. For å få

dette til må kunnskapsgrunnlag med utfordringsbilete og utviklingstrekk utarbeidast i forkant av valet. Då vil det nye kommunestyret raskt kunna komma med sine politiske prioriteringar og vedtak etter valet, noko som skapar større rom for å styra etter eigen politikk i kommunestyreperioden.



Figur 5: Tidsløpet i plansystemet

I inneverande periode har tidsløpet vore litt annleis, og både planstrategi, samfunnsdel med arealstrategi og arealdelen blir handsama lenger ute i kommunestyreperioden enn kva figuren ovanfor skisserer.

OVERSIKT OVER PLANBEHOV I PERIODEN 2020-2023

PRIORITERTE PLANAR I KOMMUNESTYREPERIODEN

Namn på plan	Planskildring	Venta framdrift
Kommuneplanen sin samfunnsdel	Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar - både for Øygarden som kommune og som organisasjon. Arealstrategiane i samfunnsdelen legg føringar for arbeidet med arealdelen til kommuneplanen.	Oppstart hausten 2020. Vedtatt mars 2022.
Strategisk planprogram for arealdelen til kommuneplanen	Strategisk planprogram for arealdelen til kommuneplanen skal sikra god samanheng mellom mål for samfunnsutviklinga, overordna arealstrategiar og kommunen sin arealbruk.	Administrativ førebuing til strategisk planprogram 2021-22. Forventa vedtak våren 2024.
Handlingsdel med økonomiplan	Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som syner korleis kommunen skal følgja opp	Rullerast årleg.

	overordna mål i kommuneplanen dei neste fire åra, eller meir.	
Reguleringsplan for Stovevatnet	Planen gjeld regulering av arealet der Stovevatnet ligg i dag, som blir fylt igjen i samband med Sotrasambandet. Tomt til ny vidaregåande skule og ny kollektivterminal på Straume ligg innanfor dette arealet. Ambisjon om å binda saman sentrum i retning nord-sør, jf. delmål i samfunnsdelen.	Administrasjonen arbeider med førebunde kunnskapsgrunnlag. Oppstart av reguleringsplanen i kommunestyreperioden.
Skogsskiftet (detaljregulering)	Planlegge for sentrumsutvikling, fylkesveg og lokalvegnett. Følgje opp senterstrukturen i KPS og legge til rette for utvikling av kommunedelsenteret sør i kommunen	Vert arbeidd vidare med. Forventa vedtak i kommunestyreperioden.
Reguleringsplan for Miljøgata Kvednatunet - Kårtveitpollen	Planen gjeld regulering av miljøgate på miljølokket som kjem over Ågotnes sentrum i samband med ny fylkesveg 561. Ambisjon med planarbeidet er å utvikle eit samanhengande sentrum, miljøgate og kollektivterminal. Arbeidet er ei oppfølging av senterstrukturen i KPS, og legge til rette for utvikling av kommunedelsenteret i midtre del kommunen.	Vert arbeidd vidare med i kommunestyreperioden.
Områderegulering Energiparken Sør	Tilrettelegge for vidare næringsutvikling og grøn omstilling. Byggje opp under og forsterke næringsklynga i Energiparken, jf. delmål i samfunnsdelen.	Vert arbeidd vidare med i kommunestyreperioden.
Detaljregulering Energiparken	Samordna interesser og oppdatere og harmonisera reguleringsplanar i Energiparken. Byggje opp under og forsterke næringsklynga i Energiparken, jf. delmål i samfunnsdelen.	Vert arbeidd vidare med i kommunestyreperioden.
Planprogram for ny vegtrase Blom/energiparken	Planarbeidet skal ta stilling til ny vegtrase. Bygge opp under og forsterke næringsklynga i Energiparken, jf. delmål i samfunnsdelen.	Vert arbeidd vidare med i kommunestyreperioden
Kommunedelplan for vatn, avlaup og overvatn 2022-2034	Plan for vatn, avløp og overvatn skal setja langsiktige mål og føringar for VA og overvatn i heile kommunen.	Oppstart i 2021 med vedtak i løpet av kommunestyreperioden.
Bustadsosialt arbeid	Bustadsosial plan for å arbeida strategisk og langsiktig med organisering, langsiktig bustadbehovet og investeringar.	Oppstart i 2022.
Plan for framtidens skule	Utarbeida ein plan for kvalitet i skulen i Øygarden for dei neste 30 åra. Planen skal bl.a. bidra til å utvikla kunnskapen og kompetansen til elevane	Pågår og vert arbeidd vidare med i kommunestyreperioden

	slik at dei kan verta aktive deltakarar i eit stadig meir kunnskapsintensivt samfunn.	
Førebygging barn og unge	Statleg plankrav i samband med barnevernsreforma. Tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid, heilskapelege og godt koordinerte tenester er sentrale stikkord i plankravet.	Oppstart 2022 og vedtak i løpet av kommunestyreperioden.
Trafikksikring	Samordna gjeldande trafikksikringsplanar frå dei tre tidlegare kommunane.	Oppstart i løpet av kommunestyreperioden.